

AINA ISDAL HAUGLAND

Mobilnummer

907 17 615

E-postadresse

ainaisdal@outlook.com

Kontonummer **** * 09417**Vedtaksdato**

02.09.2022

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

15.03.2022

Vår referanse

2022/2470, Agros 186092

Vedtak om avslag på søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Hjortegjerde til frukthage

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å avslå søknaden.

Alver kommune viser til søknad av 15.03.2022.

Bakgrunn i saka

AINA ISDAL HAUGLAND søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 15.03.2022. Du søker om totalt 20 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.04.2022-17.11.2024. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 40 500 kroner.

Det er søkt om tilskot til å sette opp hjortegjerde med grind rundt eit område planlagt til frukthage, rydding avfall, og bygging av kompostbingar.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskrifta) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak der det går føre seg ein produksjon med rett til tilskot på eigedommen, og som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2, og § 3 eller § 4.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også førast journal over plantevernmiddele som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Oppsetting av hjortegjerde rundt frukthage er ikkje prioritert etter SMIL-strategien til Alver kommune, og det vert derfor ikkje løyvd midlar til dette. I ein del tilfelle kan ein få tilskot til å sette opp hjortegjerde rundt frukthagar frå viltfondet i Alver kommune. Dette gjeld i første rekke når det er snakk om kommersiell produksjon av frukt og bær.

Det er søkt om tilskot til opprydding av avfall på eigedommen og oppsetting av kompostbingar for å handtere biologisk avfall. Det er positivt at søkar ryddar opp i gammalt avfall og vil leggja til rette for kompostering av biologisk avfall på eigedommen. Alver kommune meiner likevel at

handtering av avfall på landbrukseigedommar er innanfor det ein kan forvente av vanleg jordbruksdrift, og at desse tiltaka derfor kjem utanfor det ein kan gje tilskot til gjennom denne ordninga.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Ta kontakt med viltforvaltar Mikkel Bengtsson på e-post mikkel.bengtsson@alver.kommune.no for å få meir informasjon om tilskot til hjortegjerde over viltfondet.

Med helsing
for Alver kommune

Saksbehandla av: Marie Victoria Rekdal Skogrand

Godkjend av: Laila Bjørge